

Osterøy kommune  
Geitaryggen 8  
5282 LONEVÅG

| Dykkar ref | Vår ref   | Dato         |
|------------|-----------|--------------|
|            | 22/3969-2 | 24. mai 2022 |

## Arealplanlegging og tilrettelegging for næringsutvikling

Eg viser til dykkar notat til næringsminister Jan Christian Vestre den 8. april 2022. Nærings- og fiskeridepartementet har den 25. april 2022 sendt saka over til Kommunal- og distriktsdepartementet som rette departement.

Det er kjekt å høre at det lokale næringslivet blømer på Osterøy, og at kommunen tek ei aktiv rolle i å leggje til rette for vekst og utvikling. I notatet etterlyser de større fleksibilitet i arealplanlegginga og meir effektive planprosessar for å møte behovet til det lokale næringslivet. De peikar på at mange bedrifter etablerer seg i det små, og at dei ønskjer å behalde den lokale tilknytinga når dei veks og treng meir areal. I samband med dette opplever de at andre styresmakter ikkje støtter opp om vekst i lokalt næringsliv, til dømes fylkeskommunen i spørsmål knytt til det fylkeskommunale vegnettet, og statsforvaltaren i avveginga mellom ulike omsyn og interesser.

Utfordringane de nemner er i plansamanheng velkjende, og departementet kan diverre ikkje tilby ei rask og enkel løysing. Eg vil likevel framheve at plansystemet er fleksibelt, og skal kunne fungere godt i ulike samanhengar i både by og bygd. Det er eit viktig prinsipp at planlegginga skal tilpassast behovet, og ikkje vere meir omfattande enn naudsynt. Det inneber mellom anna at utgreiingar skal vere relevante for dei avgjerdene som skal takast. Gjennom ein arealstrategi i samfunnssdelen til kommuneplanen kan arealplanlegginga gjerast meir føreseieleg for både næringslivet og aktuelle styresmakter som skal medverke.

Reguleringsplanprosessar kan ta lang tid når konfliktane er store og ressursane små, men treng heller ikkje ta mykje lenger tid enn eit halvt år. Plan- og bygningslova opnar for at reguleringsplanar kan utarbeidast parallelt med arealdelen til kommuneplanen for å spare tid.

Om kommunen og den private parten ønskjer det, kan byggjesøknad behandlast felles med privat forslag om reguleringsplan. Eit tett samarbeid mellom kommunen og forslagsstiller, og god dialog med aktuelle styresmakter, medverkar òg til raske og kostnadseffektive planprosessar.

Eg meiner det er god planlegging å finne gjennomførbare løysingar innanfor det systemet vi har, og oppmodar Osterøy kommune til å ta i bruk dei effektiviseringsmoglegheitene som allereie ligg i plan- og bygningslova. Samstundes vil eg oppmode statlege og regionale styresmakter om å vere tidleg og tydeleg på banen og delta aktivt i planprosessane, slik at ein saman kan kome fram til gode, langsiktige løysingar for næringslivet på Osterøy.

Med helsing



Kjersti Bjørnstad

Kopi

Nærings- og fiskeridepartementet  
Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland fylkeskommune